



# DEN NORSKE KYRKJA

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

Det Kongelege Kulturdepartement  
postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

<b>Deres ref.:</b> 14/2218	<b>Vår ref.:</b> 14/00041-002	<b>Vår sakshansamar.:</b> Laila	<b>Arkivkode:</b> 008	<b>Dato:</b> 30.10.2014
-------------------------------	----------------------------------	------------------------------------	--------------------------	----------------------------

## HØYRINGSUTTALE KYRKJE-STAT

### **Høyrings svar NOU 02.09.14 «Staten og Den Norske Kyrkja – eit tydeleg skilje»**

Jondal Sokneråd vedtok på møte 29.10.2014 samrøystes å gje fylgjande uttale til høyringsnotatet:

1. Skilje mellom kyrkje og stat er på god gang. Dette høyringsnotatet er eit steg i rett retning. Kyrkja vert eige rettssubjekt, og banda til staten losnar. Prosessen tek tid, det er ikkje til å unngå. Me ynskjer likevel å gje uttrykk for at det vert halde trykk på prosessn slik at han ikkje stansar opp.
2. Høyringsnotatet legg til grunn at sokna og fellesråda framleis skal vera sjølvstendige einingar når kyrkja vert etablert som eit nytt rettssubjekt. Dette er me samde i . Det lokale eigarskap til kyrkja er overmåte viktig. Sokna og fellesråda si stilling vis a vis overordna kyrkjelege organ må ikkje svekkjast.
3. Me er glade for at høyringsnotatet så tydeleg slår fast at «kommunens finansieringsansvar overfor kirken foreslås ført vidare». Dette er i tråd med Kyrkjelova §15, som i dag er den økonomiske beryjelken for den lokale kyrkje. Også når me går inn i ei tid med justering av kommunegrenser, er det viktig at dette prinsippet vert slege fast.
4. Opplysningsvesenets fond bør definitivt fylgja med over til kyrkja når denne vert eige rettssubjekt, noko anna ville vore heilt uakseptabelt.
5. For øvrig undrar det oss at ikkje desse høyringsnotata også finnst på nynorsk.

For Jondal Sokneråd,  
Laila Bergsagel,  
Kyrkjeverje.

---

<b>Adresse:</b> 5627 JONDAL	<b>Tlf/faks</b> Tlf: 53668437	<b>E-post/Internett:</b> kyrkjeverje@jondalkyrkje.no <a href="http://www.jondalkyrkje.no">www.jondalkyrkje.no</a>	<b>Bankkonto / Org.nr.:</b> 3450.07.09679 976 994 841
--------------------------------	----------------------------------	---	---